

Rosendal med vind i segla

16.06.2011

Herrelaget til Rosendal med uskedelinger i mannskapet har vind i segla for tida. Den siste kampen mot Søre-Neset vann dei 5-1 og uskedelingsane Erik Musland og Tommy Røssland var på scoringslista. Også trenar Lars Johan Myklebust frå Uskedalen spela.

Neste sjanse til 3 poeng er søndag, på heimebane mot Vadmyra 2.

Heimelaget presterte å få 2 utvisingar under den siste kampen, den siste fordi keeper stoppa Røssland ulovleg.

Eirik Musland sette inn 2 mål på eitt minutt og Frode Navnerås teikna seg også for 2. No ligg laget på tredjeplassen.

Den fyrste halvtimen var truleg det beste Rosendal har prestert i år og keeper Frank Mehl får den mest positive karakteren for framifrå redningar.